Parken a/l og gammaldansmiljøet i Gaupne inviterer med dette til

SOGN GAMMALDANSFESTIVAL 2009

For tiande gong er det ei glede å be inn alle gammaldansentusiastar til eit nytt treff i Gaupne. Dansarar, spelemenn og tilhøyrarar er hjarteleg velkomne til ei helg med mykje god musikk i eit triveleg miljø!
Program for Sogn gammaldansfestival 2009 i korte trekk:

Fredag 14.august: 21.00 - 02.00:
"Takk for sist- kveld" på Pyramiden senterkafè, med dans og moro utover kvelden.

Laurdag 15.august:

Frå kl. 12.00 går turen til **Marifjøra** att, noko som var eit stort ynskje blant deltakarane i 2008. På nyopna **Tørvis hotell** vert det arrangert ein uformell konsert, der det vert høve til å presentere ulike grupper og instrumentsamansetjingar. I tillegg vert det rikeleg tid til buskspel og moro. Fast og flytande føde høyrer sjølvsagt med...
I tillegg stiller hotellet opp med eigen skyssbåt, der deltakarane for eiga rekning kan vera med på eit **minicruise på Lustrafjorden**!
Retur til Gaupne ca. 17.00.

Kl. 20.00 – 02.00 er det duka for stordans i Parken med dansespel frå 2 scener.

Søndag 16.august: Tradisjonen tru byr vertskapet musikarar med familiar på lappar, saft og kaffi før heimreise.
Treffet er lagt opp på ein slik måte at det skal gå greitt å ha med seg heile familien. Samstundes er dette eit treff heilt utan konkurransar eller kurs, men med fokus på trivselen.

Me reknar med at dei fleste tilreisande ynskjer å bu på Sandvik camping (300 m frå Parken og Pyramiden). Her er det gode leiketilhøve for barn og fleire bualternativ, med hytter av varierande storleik og standard og god plass til campingvogner. Storparten av hyttene på campingen er allereie booka for helga... Alternativ overnatting i klasserom kan ordnast.
For campingplassen sin del er det fint dersom storparten av spelinga på sein kvelds- og nattestid føregår innomhus.
Telefonnummeret til Sandvik Camping: 57 68 11 53, fax 57 68 16 71
Internett: www.pluscamp.no/sandvik/
I tillegg kan **Tørvis hotell** www.torvis.no og nyopna **Gaupne hotell** (tlf 95 20 44 65) by på overnatting

Det kan òg nemnast at både Tørvis hotell, Gaupne hotell, Sandvik Camping, Pyramiden Senterkafè og Parken har skjenkeløyve.
I tillegg har AS Vinmonopolet opna ein miniavdeling i Gaupne, open torsdag, fredag og laurdag. Dette kan vel òg vera av interesse for fleire av festivaldeltakarane...

Har du eit orkester som ynskjer å delta på Sogn gammaldansfestival?

Send ein e-post eller ta ein telefon underteikna dersom du ynskjer å vera med! Me kan vera til hjelp med å skaffa komp!
Sei ifrå kven som er med i gruppa, samt ynskje om speletid(er). Me kan ikkje gjera alle til lags, men er du tidleg ute, er sjansen større for å få ei ”attraktiv” speling. Spelelister vert sett opp ca ei veke på førehand, men ALLE skal få spela!

Og; som tidlegare år: alle som deltek med instrument på buskspel på campingen, på turen laurdag og i parken laurdag kveld får GRATIS INNGANG heile helga, sjølv om ein ikkje står på scenen!

Arve Bjørn Røneid
Haugavegen 1a
6868 GAUPNE
57681028/ 95076386
abron@online.no